



Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova)

| | |
|----------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Dato | LOV-1989-06-09-32 |
| Departement | Kulturdepartementet |
| Sist endret | LOV-2015-06-19-72 fra 01.01.2016 |
| Publisert | ISBN 82-504-1508-6 |
| Ikrafttredelse | 01.07.1990 |
| Rettsområde | Forvaltnings- og kommunalrett ► Offentlig forvaltning Kultur, idrett og underholdning ► Arkiv Kultur, idrett og underholdning ► Bibliotek |
| Korttittel | Pliktavleveringslova – avlvl |

Innholdsfortegnelse

Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova)1
Innholdsfortegnelse2

Lovens tittel endra med lov 19 juni 2015 nr. 72 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 19 juni 2015 nr. 732). – Jf. *tidlegare* anordn. 25 apr 1732 og 10 jan 1781, res. 21 feb. 1815, lover 15 juli 1839 § 89, 20 juni 1882 og 9 juni 1939 nr. 2.

§ 1. *Føremål*¹

Føremålet med denne lova er å tryggja avleveringa av dokument² med allment tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv kan verta bevarte og gjorde tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.

1 Sml. lov 4 des 1992 nr. 126.

2 Sjå § 3.

§ 2. *Geografisk verkeområde*

Kongen kan fastsetja at lova òg skal gjelda for Svalbard¹ og den norske delen av kontinentalsokkelen.²

1 Sjå lov 17 juli 1925 nr. 11 § 1 (2).

2 Sjå lov 21 juni 1963 nr. 12 § 1 andre punktum.

§ 3. *Definisjonar*

I denne lova vert desse omgrepa nytta slik:

- Medium: noko som kan lagra informasjon.
- Dokument: ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lyding, framsyning, overføring eller liknande.¹
- Utgjevar: den som for eiga rekning lagar eller får laga eit dokument for å gjera det tilgjengeleg for allmenta.
- Produsent: den som framstiller eksemplar av eit dokument for ein utgjevar.
- Importør: den som for eiga rekning tek inn i landet dokument utgjeve i utlandet, for å gjera det tilgjengeleg for allmenta i Noreg.

Eit dokument er gjort tilgjengeleg for allmenta² når

- eksemplar av dokumentet vert bode fram for sal, utleige eller utlån, eller når dokumentet på annan måte vert spreidd utanfor ein privat krins,
- informasjonen i dokumentet vert gjord tilgjengeleg utanfor ein privat krins gjennom framføring, framsyning, kringkasting,³ direktekopling e.l.

0 Endra med lov 19 juni 2015 nr. 72 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 732).

1 Sml. fvl. § 2 (1), f. og offl. § 4 (1).

2 Sml. lov 15 juni 2018 nr. 40 § 3 (2) og § 10 (2).

3 Jf. lov 4 des 1992 nr. 127.

§ 4. *Kva som skal avleverast*

Både fysiske og digitale dokument¹ som er gjorde tilgjengelege for allmenta¹ skal² avleverast i inntil sju eksemplar. Digitale grunnlagsdokument kan krevjast avleverte i tillegg til utgjevingsmedium.

Dokument¹ laga i utlandet skal berre avleverast dersom det er laga for norsk utgjevar¹ eller særskilt tilpassa allmenta i Noreg.

Kongen³ kan gjera unnatak frå eller avgrensa avleveringsplikta og gje særskilde føresegner om talet på eksemplar, kva form eller kvalitet avleveringseksemplar skal ha, og om kva opplysningar som skal følgja dokumentet.

0 Endra med lov 19 juni 2015 nr. 72 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 732).

- 1 Sjå § 3.
- 2 Sjå § 9.
- 3 Kulturdepartementet iflg. res. 25 mai 1990 nr. 366.

§ 4 a. Innsamling av digitale dokument

Norsk materiale som vert gjort allment tilgjengeleg¹ gjennom elektronisk kommunikasjonsnett, kan samlast inn.

Digitale dokument som er verna med passord, skal ikkje samlast inn eller avleverast. Unntaket er dei tilfella der det passordverna dokumentet ville ha vore omfatta av avleveringsplikt om det vart utgjeve i eit anna format. Passordverna dokument som ikkje er omfatta av avleveringsplikta, og som inneheld personopplysningar,² kan samlast inn eller avleverast dersom den personopplysningane gjeld, har gjeve eit uttrykkjeleg og informert samtykke.

Når det er naudsynt for å gjennomføra digital innsamling, kan det framstillast nye eksemplar uavhengig av åndsverklova.³

0 Føyd til med lov 19 juni 2015 nr. 72 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 732).

1 Se § 3 (2).

2 Jf. lov 15 juni 2018 nr. 38.

3 Lov 15 juni 2018 nr. 40, se dens § 3 og § 49.

§ 4 b. Handsaming av personopplysningar i det digitale nettarkivet

Informasjon som er lagra i nettarkivet, skal som hovudregel ikkje slettast. Personar kan knyta merknader til personopplysningar¹ om dei sjølve som er lagra i nettarkivet.

Eit digitalt dokument som er lagra i det digitale nettarkivet og som inneheld personopplysningar, kan krevjast klausulert eller sletta dersom informasjonen er gjord allment tilgjengeleg ved ein feil.

Eit digitalt dokument som er lagra i det digitale nettarkivet, som er utgjeve utan ansvarleg redaktør, og som inneheld personopplysningar, kan likevel krevjast klausulert eller sletta dersom eitt eller fleire av vilkåra nedanfor er oppfylte:

- a) Informasjonen ikkje har vore spreidd utanfor ein lukka krins, og informasjonen aldri var meint å verta gjord allment tilgjengeleg.
- b) Informasjonen er lagt ut av ein tredjeperson utan samtykke, og den omtalte sjølv ikkje har gjort informasjonen allment kjend.
- c) Det vil vera til vesentleg ulempe for den opplysningane gjeld, at informasjonen blir oppbevart til forskingsføremål.

Informasjon som ikkje er allment kjend, og som omhandlar mindreårige² eller personar som er sette under verjemål,³ skal på førespurnad klausulerast eller slettast.

Avslag på ein søknad om klausulering eller sletting kan påklagast til ei særskild nemnd. Kongen gjev føresegner om ei slik nemnd.

0 Føyd til med lov 19 juni 2015 nr. 72 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 732).

1 Jf. lov 15 juni 2018 nr. 38.

2 Jf. lov 26 mars 2010 nr. 9 § 8.

3 Jf. lov 26 mars 2010 nr. 9 kap. 4.

§ 4 c. Tilgang til det digitale nettarkivet¹

Det digitale nettarkivet kan nyttast til forskning og dokumentasjon.

Digitale dokument i nettarkivet som er utgjevne utan ansvarleg redaktør, og som inneheld personopplysningar² som ikkje er allment kjende, skal etter søknad berre gjerast tilgjengelege for forskarar på særskilde terminalar hos Nasjonalbiblioteket.

Klausulerte digitale dokument i nettarkivet kan berre gjerast tilgjengelege etter særskild avtale.

Kongen gjev føresegner om tilgang til det digitale nettarkivet. Føresegnene i åndsverklova³ gjeld for tilgang til materiale som er verna med opphavsrett.

0 Føyd til med lov 19 juni 2015 nr. 72 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 732).

1 Sml. lov 19 mai 2006 nr. 16 § 4 (3), b.

2 Jf. lov 15 juni 2018 nr. 38.

3 Lov 15 juni 2018 nr. 40.

§ 5. Kven som skal avlevera m.m.

Avleveringsplikt kan påleggjast utgjevar,¹ produsent¹ og importør¹ av dokument¹ som vert gjort tilgjengeleg for allmenta.¹

Dokument¹ skal avleverast utan vederlag. Når avleveringseksemplara representerer ein svært stor kostnad for den avleveringspliktige, kan mottaksinstitusjonen etter søknad gje heil eller delvis refusjon for produksjonskostnadene.

Sending av dokument¹ til mottaksinstitusjonen skal kostast av den avleveringspliktige.

Kongen² fastset nærare reglar om kven som har avleveringsplikt, kvar avleveringspliktig dokument skal sendast, tidspunktet for innsending og korleis sendinga skal skje.

0 Endra med lov 19 juni 2015 nr. 72 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 732).

1 Sjå § 3.

2 Kulturdepartementet iflg. res. 25 mai 1990 nr. 366.

§ 6. Når den avleveringspliktige ikkje er handlegjør

Ved konkurs¹ eller død skal² buet oppfylla avleveringsplikta.

1 Sjå kkl. kap. VIII flg.

2 Sjå § 9.

§ 7. Inndrege dokument¹

Kongen² kan påleggja påtalemakta³ å syta for avleveringa, dersom avleveringspliktig dokument¹ vert inndrege.⁴

1 Sjå § 3.

2 Kulturdepartementet iflg. res. 25 mai 1990 nr. 366.

3 Sjå strpl. kap. 6.

4 Sjå lov 15 mai 1987 nr. 21 § 16 og strl. kap. 13.

§ 8. Tvangsfullføring

Avleveringskrav etter føresegner gjevne i eller i medhald av denne lova er tvangsgrunnlag.¹

1 Jf. tvangsl. § 13-2 (1) jf. § 13-8.

§ 9. Straff

Den som med vilje eller aktaust handlar i strid med føresegner gjevne i eller i medhald av denne lova, kan straffast med bøter.

§ 10. *Ikraftsetjing*

Kongen fastset når denne lova skal ta til å gjelda. ---

0 Frå 1 juli 1990 iflg. res. 25 mai 1990 nr. 366.